



Leiar og nestleiar av Uskedalen Indremisjon - Jon Harald Kjærland og Jan Tvedt. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Uskedalen Indremisjon hadde i 2008 eit overskot på 36.056 kroner. Det går fram av rekneskapsutdraget som er sendt kommunen saman med søknaden om stønad til drift.

Medan Indremisjonen hadde 47.173 kroner i banken ved førre årsskifte var denne summen auka til 83.230 kroner ved dette årsskiftet. Inntektene i 2008 var 126.734 kroner og utgiftene 90.877 kroner.

På inntektssida var gåver og innsamling den største inntektsposten med 52.760 kroner, medan sal og kollekt gav 28.734 og bedehusbasaren 28.149. Stønad frå kommunen utgjorde i fjor 11.966 kroner.

På utgiftssida var 'toalett/nytt kjøken' den dominerande posten med 38.695 kroner medan straumutgiftene kom opp i 22.600 og 13.697 kroner vart sendt til misjonen.

Av Ola Matti Mathisen